
Fra: olebakkebo@gmail.com
Sendt: tirsdag 3. september 2019 12:15
Til: Byggesak Lindås
Emne: Byggesak
Vedlegg: polakkehuset påbygg.pdf

Kategorier: Ubesvart

>

> Lindås kommune Dykkar ref 17/2344 -18/7876).

> ved Siril Sylta

>

> Eg viser til vedtak 7/3 -2018, der kommunen gjev samtykke til

> bruksendring frå uthus til hytte.(Ombygging er så godt som ferdig. Uthuset som er omlag 32 kvm stort, vert vanskeleg å innreie på ein praktisk måte med opmsyn til overnatting spes for utleigeføremål. : Stove, kjøkken og soverom vert i det same fysiske rommet på knapt 20 kvm ytre mål. Vi er komen fram til at det vil vere praktisk å tilføre ein soveromsfløy ved å bygge til eit tilbygg i byggets lengderetning mot vest i storleiksorden 15-20 kvm. Terrenget er fjell idagen og bygget vil vere tilpassa eksisternde bygningkropp og tunskipnad mht til arkitektur etc. Det er lagt ved ein enkel førebels skisse over korleis dette er tenkt utført. Før vi går gang med dette vil eg likevel gjerne få avklart følgjande spørsmål :

> 1. Sidan dette etter vår oppfatning er eit kurrant tilbygg, kan det då handsamast innanfor eksisterande sakshandsamingsprosess og byggegebyr som tilleggsak ?

> 2. Ser kommunen noko slags formelle problem eller utfordringar som vil oppstå knytt til ein slik søknad om å utvide allereie godkjent bygg med lite tilbygg ?

> Eg legg til grunn at nabovarsel, kloakk, avkøring,parkering etc allereie er handsama ved førstegangs handsaming og vil vite kva slags element ein slik søknad må innehaldeog kva for prosess vi går i møte. Eg tillet med å minne om kommunen sin visjon som bør kunne gjerast gjeldane i denne saka der det er allereie teke ei prinsippavgjerd.

> Ber om at dette vert rask besvart sidan eg satser på at formell søknad etc vert sendt snarast herfrå med sikte på handsaming i Lindås kommune.

>

> Bergen 3.sept 2019

> Med helsing Ole Bakkebø

>

>

>